

Samnanger barneskule

Nesjavegen 17

5650 Tysse

Samnanger 19.09.2022

## Referat frå foreldremøte 5. trinn 19.09.2022

### Paragraf 9a

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Rektor har ansvar for å lage plan og tiltak dersom nokon opplever å ikkje ha det trygt og godt -> Alle som arbeidar ved skulen har ansvar for å følge med på dette.

Mobbeombodet har teieplikt: 57300333 eller [mobbeombod@vlfk.no](mailto:mobbeombod@vlfk.no).

Nullmobbing.no -> informasjon om rettigheter.

Ordensreglane til skulen finn ein på heimesida: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger).

### Kjerneverdiane våre:


- Vi skule
- Leksebevisst skule
- Samarbeid
- Inkludering
- Livsmestring

Postadresse:  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Besøksadresse  
Nesjavegen 17  
5650 Tysse

Skule: 56589980  
SFO: 488 99 549

E-post:  
[barneskulen@samnanger.kommune.no](mailto:barneskulen@samnanger.kommune.no)  
Heimes.: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)



På [www.livetogsann.no](http://www.livetogsann.no) finn ein mange gode filmar og tips for å skape eit godt og inkluderande klasse- og læringsmiljø. Dette brukes i undervisninga.

### Kvardagen på 5. trinn

- Fråvær -> må meldast via visma, då går det automatisk.
- Kontakt -> Grunna personvern hensyn til elevane skal all kontakt foregå gjennom Visma og ikkje via våre private mobiltelefonar. I visma er me tilgjengelege mellom klokka 08.00 og 16.30, og vil eventuelt svare neste morgon dersom melding kjem etter dette. Dersom det gjeld akutte eller særskilte ting kan ein sjølvst ta kontakt på mobiltelefon. Bruk initialer når du omtaler elevar og skriv i Visma.
- Timeplan --> Er sendt heim i papirform. På møte gjekk me gjennom denne og fagfordelinga mellom dei vaksne på trinnet.
- Læringsmiljø -> Ynskjer tett samarbeid med heimen. Me har stort fokus på inkludering og relasjonsbygging på skulen, gjennom jevnlege samtalar og oppgåver. Leikegrupper i friminutt, dynamiske grupper, grupper på tvers av trinnet, eigne timar/dagar med fokus på det sosiale, sosiale mål på vekeplan. Klassereglar som alle forpliktar seg til å følgje. Tydelege forventningar til elevane. På skulen er alle skulevenar, noko som innebær at alle skal inkludere alle, snakka fint til og om alle, vise positivt kroppsspråk osv. Fokus på å vere ein god skuleven. Forskning viser at møtepunkt på fritida for elevane/føresette er svært positivt og kan vere avgjerande for eit godt klassemiljø.

Postadresse:  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Besøksadresse  
Nesjavegen 17  
5650 Tysse

Skule: 56589980  
SFO: 488 99 549

E-post:  
[barneskulen@samnanger.kommune.no](mailto:barneskulen@samnanger.kommune.no)  
Heimes.: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)



## **Fagfornyinga**

Fokus på utforskande og aktive elevar. Grupperarbeid, ulike arbeidsmetodar, stasjonsarbeid, tredeling, praktisk arbeid.

Nye bøker i engelsk, Explore, samt Explore smartøving som nettressurs.

Nye norsk bøker, Salto.

Nye bøker i matte, Multi, samt multismartøving som nettressurs. Viktig at ein ikkje hjelper elevane med anna enn å forstå ei nettoppgåve både på multi og explore då oppgåvene er tilpassa eleven sitt nivå og vil endre seg etter nivået dei visar gjennom oppgåvene.

Stort fokus på lesing i alle fag.

## Foreldrekontaktar

(A)

Jorunn Skutlaberg 1 år igjen.

Geir Markhus valt som ny (2 år).

(B)

Johnny Sandvik 1 år igjen.


Caroline Moss Langeland valt som ny (2 år).

Postadresse:  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Besøksadresse  
Nesjavegen 17  
5650 Tysse

Skule: 56589980  
SFO: 488 99 549

E-post:  
[barneskulen@samnanger.kommune.no](mailto:barneskulen@samnanger.kommune.no)  
Heimes.: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)



## **Øvrig**

Spørsmål om kor mange av dusjane i jentegarderoben som virkar. Dette skal me sjekke opp i.

Tilbakemelding om at det i eine klassen er mykje støy/banking på dører og lignande frå gutane på jentegarderoben, samt at dei har kort tid til å dusje. Dette kjenner me ikkje heilt igjen, men tar det med oss og skal vere obs på dette framover.

Det vart diskutert ulike sosiale aktiviteter for heile trinnet som kan gjennomførast på fritida bla.

discotek, halloween, overnatting på skulen, aketur, grilling. Tråden på overnatting på skulen blir tatt opp igjen. Foreldrekontaktane skal ta dette vidare.

## **Dialogspel**

*Her var det ulike påstandar i dei ulike tema som var utgangspunkt for svara. Nokre av innspela som kom fra dei ulike gruppene:*

## **Nettvett**

Ulik praksis, nokon heldt på aldersgrensene, andre ikkje. Aldersgrense er der av ein grunn. Bør vere dialog mellom foreldra. Vanskeleg når nokon lar borna spele/ha sosiale medium som har høgare aldersgrense. Legg press på dei andre: «alle andre får lov». Viser seg ofte at dette ikkje stemmer. Viktig at heimane pratar saman. Bør ikkje få spele dataspel hos andre som ein ikkje får lov til å spele heime.

## **Inkludering**

Diskusjon rundt korleis ein skal unngå at nokon bli utelatt om ein skal byrje å «plukke» elevar i t.d. bursdagar. Viktig å finne eit system. Det tas vidare opp i foreldregruppa. Viktig med

Postadresse:  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Besøksadresse  
Nesjavegen 17  
5650 Tysse

Skule: 56589980  
SFO: 488 99 549

E-post:  
[barneskulen@samnanger.kommune.no](mailto:barneskulen@samnanger.kommune.no)  
Heimes.: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)



dialog mellom foreldre og born og mellom foreldre og foreldre. Ein må få mulighet til å ordne opp/få fleire sjanser.

Viktig at ein gjer beskjed dersom ein opplever at sitt born ikkje er inkludert eller blir utelatt. Oppmuntre borna til alltid å gå i bursdag, uavhengig av kven som inviterar. Invitere slik at voksne mottar beskjed òg. Invitere andre heim, vere villig til å kjøre dei på besøk til kvarandre.

### **Me-skule/Læringsmiljø/:**

Det er OK at eleven må sitte igjen i t.d. friminutt for å gjere ferdig arbeid han/ho har valt å ikkje gjere i timen. Foreldre ynskjer tilbakemelding fra skulen same dag som ulike ting skjer slik at ein kan ta det opp med eleven med ein gong. Send gjerne beskjed heim med Visma. Nokon kampar skal ein ta, andre ting må ein la passere. Vere obs på språkbruk heime, viktig at elevane lærer å sei unnskyld. Det er avgjerandre å ha eit godt forhold til borna sine slik dei kan fortelle. Mykje skjer som me vaksne ikkje får med oss.

### **Leksebevisst skule**

Ulike meiningar rundt om ein ynskjer lekser eller ikkje, heng saman med kor lett det er å få eleven til å sette seg ned med leksene. Nokon meiner leksene bør auke med trinna for å førebu elevane på ungdomsskulen.

Matteark eller skriftleg lekse heime er fint. Ynskjer gjerne å fortsette med gloseord. Ynskjer ikkje berre digitale lekser, gjer det vanskeleg å følgje med.

Elevane reagerte på nasjonale prøvar då dei ikkje er vant til å bli testa. Bør ufarleggjeres på skulen ved eksempelvis vekesjekk slik at det er meir kjent for dei.